



Kleberstein

Mostrakyrkja samt Bergenskyrkjene Korskirken, Domkirken, Mariakirken og Nonneseter Kloster har alle kleberstein frå Austavindshaugen i Uro på Lykling i veggene. Alle er frå middelalderen, men Mostrakyrkja er eldst og må vera den som har gjort kleberforekomsten på Lykling kjent som byggemateriale. Truleg er fleire tusen kubikkmeter stein teke ut i det geolog Øystein Jansen kallar "Hordalands største klebersteinsbrudd" i middelalderen, nærare tidfesta til år 1000-1040. Dette veit ein avdi alle dei aktuelle kyrkjene er bygd i denne korte perioden.

Eit kleberbrudd finnest óg i Beindalsvikjo på Søra Sele, og her veit ein at det vart teke ut emner til kokekar så seint som i 1860-åra. Stein herifrå vart dessutan teke ut for restaurering av Håkonshallen Bergen i 1880-åra. Leitast ein godt i dette området finn ein óg ein overhengande vegg av kleber som er vaska ut av sjøen i eit fint mønster. På Vornes skal det óg vera kleberforekomstar som har kome for dagen under utsprengring av hustufter.

Kleberstein har fleire usedvanlege eigneskapar. Du kan skjera i kleber som om det var treverk, og på gammalnorsk kalla ein steinen tálgusteinn eller tálgu-grjót (talgu=smi, grjót=gryte).

I litteratur frå tidleg 1900-talet går den m.a under namnet "veksten" medan nokre her lokalt kalla den "hein" eller "heid'n". Kleber er samansett av talk og kloritt, og mest kloritt. I motsett fall vert steinen kalla talkskifer.

Det tok litt lenger tid å koke opp suppa i klebergrytene, men innhaldet heldt seg glovarmt mykje lenger i ei slik gryte enn i ei jerngryte. Enno idag bli kleberstein nytta til eksklusive peisar sidan steinen held så godt på varmen når den første er blitt varm.

I seinare tid har kleberstein vore nytta til støypeformer, baksteheller for flatbrød, ovnsbotnar og vart dessutan male opp til talkumpulver. Pulveret vart i maskinalderens barndom nytta som smørjemiddel, men óg i trange sko og hanskar for å unngå gnagsår! Klebersteinen smurde dermed både mann og maskin. Enno idag vert kleber nytta i framstilling av papir, lerret, gummi, lær, farge og til såpeproduksjon (engelsk=soapstone).

Amund Helland skriv i Norges Land og Folk at "Syd for gaarden Uren i Bremnæs er bruddt på veksten i gammel tid". Sjølv om bruddet på Austavindshaugen hadde si stordomstid i middelalderen, vart det henta kleber her til notastein heilt opp på 1950-talet. Rolf Møkster på Vordnes fortel at far hans Johannes fekk tak i "heid'n" på Lykling etter krigen, og spikka den sjølv til som notastein, dvs. lodd på nota, med småverktøy og trebór. Slike steinlodd finnest det rikeleg av i naustet hans den dag i dag.

Spora etter moderne verktøy er synleg i fjellet på Austavindshaugen, og kan vera frå slike uttak, men til mindre redskap er det sikkert nok av emner å finne i slagghaugane under torva mellom fjellveggen og sjøen.



I 1950, då dei grov tufta til lærarbustaden som står vestom slagghaugane enno, fann ein tre jernkilar to meter nede i pukkesteinen. Eindel kól skal ha funnest der óg, men om det skuldast fyrsetting som utvinningsmetode eller om det var restar etter bål eller brann, veit ingen idag. Ingen kjelder viser til at kleberstein nokongong vart utvunnen med eld og fyrsetting.

På skuleplassen på Våge ligg det ei stor kleberblokk attmed flaggstanga. Steinen er flytta hit frå Stautland, og har både der og på Våge fått mange "bumerker" rissa inn i seg av skuleborn.

At det ikkje finnest mykje kleberstein i byggverk her i kommunen, tyder på at i alle fall steinblokkene var dyrebare og vart nytta som handelsvare. Avslag som kunne nyttast til redskap etc. vart att for lokalbefolkinga, og finnest som i Rolv Møgsters og Sverre Leon Larsens naust enno.

Litteratur:

Steinbyen Bergen
Shld. Årbok 1965
Norges Land og Folk
Naturhistorisk Vegbok

Samtalar med:

Rolf Møkster,
Øystein James Jansen,
Sverre Leon Larsen,
Tor Audun Larsen,